



Lars Rønnevik Wisnes
Hældalsstølen 66 A
5225 NESTTUN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/19056 - 22/92283

Saksbehandlar:
Trygve Solberg
trygve.solberg@alver.kommune.no

Dato:
02.12.2022

Ferdigattest tilbygg fritidsbustad - gbnr 428/26, 85 Kvalheim nedre

Administrativt vedtak: Saknr: 1373/22
Tiltakshavar: Lars Rønnevik Wisnes
Ansvarleg søkjar: Arkitektgruppen Cubus A S
Søknadstype: Søknad om ferdigattest

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10 vert det gjeve ferdigattest for tilbygg til fritidsbustad på gbnr 428/26 og 85.

Bygningen må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka frå 2007. For tiltak med krav til uavhengig kontroll ligg det føre dokumentasjon for utført sluttkontroll.

Det vert elles vist til søknad motteken 28.11.2022.

Skildring

Adresse:	Fløholmen 26
Bygningstiltak:	Fritidsbustad - tilbygg
Bygningsnummer:	176107928 - 1
Bruksareal:	24m ²
Avlaup:	Privat kloakk
Vatn:	Offentleg vassverk
Tal på røykløp:	1

Regeleverk

- Krav om sluttkontroll og ferdigattest følgjer av plan- og bygningslova (pbl) § 21-10.
- Viss du skal endre bruken av bygningen krev dette søknad, jf. pbl § 20-1 bokstav d).

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 20/19056

Med vennleg helsing
Alver kommune

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Trygve Solberg
Sakshandsamar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Arkitektgruppen Cubus A S	Halfdan Kjerulfs	5017	BERGEN
	gate 4		
Lars Rønnevik Wisnes	Helldalsstølen	5225	NESTTUN
	66 A		